

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Torsdag 1.juni 2022 Kl. <u>19.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret
Opning:	Jørgen

Til stades: Anders Dahl, Nils Dale Elde, Jørgen Knudsen, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Sigrid Beate Eskeland, Arne Drønen (3.vara) og Reidun Andersen (sakshandsamar)

Andre til stades (på deler av møtet): Ingvild B. Almås, Solveig Høyland, Svein Arne Theodorsen

Forfall: Kirsti Angvik Frugård, Egil Petterteig, Signe Vorland, Dagfinn Koppang (2.vara), Dag Kjetil Læg Reid (1. vara),

SAKLISTE

2023/40- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent, med ein ekstra informasjonssak: «Innspel frå FAU Rommetveit»

2023/41- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent

2023/42- 332 Konfirmantopplegg 2023/2024

Ingvild Almås og Solveig Høyland deltok i møtet og fortalde om konfirmantopplegget for 2023/2024.

Moment frå samtalen i møtet: Nytt opplegg i konfirmantundervisninga, har hatt informasjonsmøte med nye konfirmantar. Det blir fleire leiarar i undervisninga og ein legg opp til mindre grupper. Gruppene vert prega av aktivitetar, undervisning og lek, og konfirmantane har fått gi innspel på tema dei ønskjer. Noah skal bl.a. ha ei gruppe med band, andre grupper vert truleg dans, handarbeid, baking, idrett, friluftsliv/speidarkonsept. Likevel må ein vere obs på kva lokaler og leiarar/frivillige som ein har til rådighet. Muleg andre tidspunkt enn rett etter skuletid. Ca 1 gong pr månad, 10 gudstenesteoppmøter, der ein legg meir opp til at gruppene deltek og har ansvar før eller i ei gudsteneste kvart semester. Kvar leiar har bruk for frivillige med seg. Startmøte med frivillige i august, før konfirmantundervisninga tek til. Konfirmantane får vere med å bestemme innhald, tidspunkt mm. Blande sokna?

Dag Sele orienterte om at det er gitt tilbod til ein søkjar på trusopplæringsstillinga så ein håper å vere nesten fullt lag igjen frå hausten. Dei planlegg derfor opplegget ut frå tilstrekkeleg bemanning på jobb. Dersom det vert nye sjukmeldingar eller liknande vil ein kanskje måtte skalere ned andre trusopplæringstiltak for å gjennomføre eit slikt konfirmantopplegg.

Vedtak: Soknerådet tek orienteringa til vitande. Soknerådet er veldig positive til opplegget, og ynskjer å vere med å få dette til. Soknerådet ynskjer å bli informert om det blir evt sjukemeldingar så ein kan sjå om t.d. frivillige kan trå til på arrangement som elles kanskje ville bli avlyst.

2023/43- 023 Planstrategi for Stord sokn

vedl 1

Planstrategi som gjennomgått på felles samling i april sendt ut før møtet.

Vedtak: Soknerådet vedtek planstrategien som framlagd. Samrøystes.

2023/44- 023 Satsingar og aktivitetar for skuleåret 2023/2024

Representantar frå dei ulike utvala presenterer innspel til satsingar og aktivitetar for skuleåret 2023/2024, og soknerådet samanstillir dette til ein samla plan. Sjå vedlagd dokument med førebels innspel frå nokre av utvala.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Moment frå samtalen i møtet:

Representantar frå dei ulike utvala presenterte innspel til satsingar og aktivitetar for skuleåret 2023/2024. Innspel frå trusopplæringsutvalet, diakoniutvalet, kyrkjelivsutvalet og gudstenesteutvalet. Soknerådet vart godt informert om kva utvala ynskjer å satse på, kva arbeid som vert gjort og kva ressursar som er/ kan brukast. Soknerådet erkjenner at ein må bruke litt tid på å modne ein slik planprosess, særleg når det kjem til å balansere kor mykje ein vil satse på i planen med tilgjengelege ressursar til gjennomføring. Kva høyrer til «ønskeliste» og kva høyrer til «prioriteringsliste». Det er og viktig at ein ikkje berre finn på nye ting, men og konsentrere seg om aktivitetar som allereie er i gong. Vere oppmerksam på kvifor me driv det enkelte arbeidet.

Vedtak: Soknerådet drøfta følgande moment for satsingar (og tilhøyrande aktivitetar) for skuleåret 2023/2024:

- Ungdom/unge vaksne-arbeid
- Nytt misjonsprosjektet
- Frivillige og tilhørighet
- Musikk og gudstenesta
- Kontinuitet og realisme (forstått som at ein i denne planperioden ønskjer å først og framst vidareføre arbeid som pågår framfor å starte mykje nytt)
- Smidig oppstart for nytt sokneråd.

Soknerådet ber AU jobba vidare med innspela frå utvala og momenta frå møtet for å samanstillе eit utkast til ein samla oversikt med satsingar (og tilhøyrande aktivitetar) som vert sendt ut i god tid før neste soknerådsmøte slik at utvala får sjansen til å sjå på dette igjen.

2023/45- 211 Spesialprest for ungdom og studentar

Runar Larsen starter 1. juli i stilling som spesialprest for ungdom og studentar. Prost Svein Arne Theodorsen informerer om foreløpig skisse til innhold og prioriteringar i stillingen. Soknerådet vert invitert til å gi innspel til utforminga av stillingen.

Vedtak:

Soknerådet gir si støtte til prosten si skisse som inneber:
Studentarbeid (20%), unge vaksne (5%), ungdom etter konfirmanttida (20%), konfirmantarbeid (20%), gudstenester (25%) og gravferd (10%).

Soknerådet gir også følgande innspel:

- Ønskjer at det vert gitt god tid til å vere til stades i lag med målgruppa
- Ønskjer (på sikt) å sjå på moglegheiten for å etablere eit ungdomsutval tilknytta soknerådet

2023/46- 002 Kyrkjeval 2023: Stemmemottakarar

Reidun legg fram forslag til stemmemottakarar i møte.

Vedtak: Reidun sender ut liste etter å ha fått alle stemmemottakarar på plass.

2023/47- 012 Møteplan hausten 2023

Forslag til vedtak:

Kurs for stemmemottakarar og valfunksjonærar: 4. september kl 18-21 i Nysæter kyrkje
Prostidag m/ny biskop: 2. november

SR: 21. sept kl 16-21 (middag 16-17, opplæring nye råd 17-19 og soknerådsmøte 19-21)

SR: 19. okt (felles gammelt og nytt sokneråd) kl 17-19

SR: 7. nov (felles gammelt og nytt sokneråd), kl 19-21

SR: 6. des (berre nytt sokneråd) kl 17-19

AU for møta vert 5. sept, 3.okt og 23.nov (alle kl 16:15)

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

2023/48- 130 Årsrekneskap 2022

Årsrekneskapen for 2022 er avlagt og revidert og viser eit rekneskapsmessig driftsoverskot/mindreforbruk på kr 1 589. Årsrekneskap og revisjonsberetning er vedlagt.

Vedtak:

Stord sokneråd tek revisjonsmeldinga frå KPMG til vitande og godkjenner rekneskapen for 2022. Driftsoverskotet for 2022 vert satt av til ubunde fond

2023/49- 010 Sommarfullmakt 2023

Vedtak

Stord sokneråd gjev arbeidsutvalet fullmakt til å gjera vedtak på vegne av soknerådet, fram til første soknerådsmøte etter sommarferien. Fullmakter er avgrensa til saker som soknerådet etter gjeldande lover og reglement har høve til å delegere. Vedtaka skal leggjast fram for soknerådet i første møte etter sommarferien.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

- «Kva skjer i kyrkja vår?», orientering v/Jørgen.
 - Lite presteressursar for tida, sokneprest-stillinga i Nysæter vert lyst ut, tilsetjing 3. oktober.*
 - Kyrkjelydsleir vert open for påmelding 7. juni.*
 - Kjekt samarbeid ang temakveld med Tania Michelet, IMF ynskjer meir samarbeid*
- Orientering frå Fellesrådet v/ Dag.
 - Solbjørg Angeltveit har fått tilbod om stilling som diakonmedarbeidar/kyrkjelydspedagog. 60% fast stilling, 40% vikariat.*
- ~~Innspeil frå utvala~~
- Siste nytt vedr. Kyrkjevalet 2023
 - Gudstjeneste med førehandsrøysting vert 20. august
 - Det vert ikkje utgivelse av SPIRA, men annonsebilag i Sunnhordland med info
- Folk i sentrum 10.-11. juni 2023:
 - Dag, Sigrid, Anders blir med på standen 10. juni i lag med Ingvild og Reidar og 4 stk frå Nysæter.*
 - Gudstenesta 11. juni: inne på Osvald pub, Noah og band, vafler til kyrkjekaffien.*
- Drop-in dåp 2. juni i Stord Kyrkje: *to er påmeldt, team rundt dette, marsipankake og kaffi.*
- Kyrkjelydstur til Cuba i regi av Bjørgvin Bispedøme. Måndag 12. juni kl 15 møte med Hatlem på Stord.
 - 17-30. januar 2024. Pris: ca 25 000 kr per pers. Kjem meir info på facebookside til Bjørgvin bispedøme.
- Evaluering av informasjonsmøte i Kyrkjestova 19. april, *Anders leste opp referat frå kvelden, veldig kjekk kveld.*
- FAU på Rommetveit har vedteke at dei ikkje ynskjer prest lenger på 17. mai-arrangementet. Soknerådet vil ta opp spørsmålet om 17.mai gudsteneste som del av gudstenesteplanlegginga.

Skriv, referat og meldingar

- Referat, diakoniutval, 26.april 2023
- Referat, kyrkjelivsutval, 10.mai 2023
- Søknad (frå Bjørgvin bispedøme) om offer til misjonsprosjektet på Cuba

Anders Dahl
soknerådsleiar

Reidun Andersen
sakshandsamar